



Ulla Skulehus

Skipa 11. april 2009

Haramsøy

Bygd i 1886

ÅRSMELDING 2015/2016

1. Årsmøte 13. juni 2015

Årsmøtet vart halde på skulehuset.

2. Styremøte 2015/2016

Styret har hatt 3 møte siste året.

3. Kulturelle aktivitetar

Skulehuset vart nytta til kviss-konkurranse fredag på Ullafesten. Vi håper dette framleis blir ein tradisjon.

4. Dugnad

Vi er no i gong med å få orden på sanitæranelegget. Peder Rogne har ordna med vatn inn i huset og grave ned septiktank for avløp. Det er no klart til å dele av kammerset slik at det blir tilgang til wc frå gangen. På den måten blir det praktisk å lage til kjøkken i resten av kammerset med inngang frå klasserommet. Dette er arbeid som skal gjerast på dugnad. Vi har kontakta rørleggjar Jon Henry Otterlei som vil ta på seg jobben med vatn og avløp inne.

Til dugnaden har vi mellom anna desse oppgåvene:

Jamne ut uteområdet etter gravemaskin og taktor.

Så grasfrø.

Klippe graset.

Ordne løsna bordkledning på vestveggen etter stormen.

Skifte vannstokk og bordkledning på sørveggen.

Ordne hjørnebord på nordaust hjørne utvendig.

Måle veggger utvendig.

Måle vindskier.

Rydde mørkeloftet og brenne bål.

Setje inn lufteventil på austveggen.

Setje opp vegg mellom wc og kjøkken.

Setje inn dør mellom wc og gang.

Måle utdøra.

5. Økonomi

Vi har pr 30. april 2016 til saman 72 medlemmer. Det er ganske stabilt, litt fråfall og litt tilgang. Vi hadde inntekt av medlemskontingent kr 36 000, kr 490 frå vafflesal på årsmøtet, overskot på kvissen på ullafesten kr 600 og sal av vaflar og kaffi i samband med Ulla-festen kr 4000. I april 2016 sette vi i gong innsamlingsaksjon via VIPPS og bankkonto på Facebook. Pr 30. april 2016 hadde vi fått inn kr 5085,00. Aksjonen blir intensivert framover. I siste året var det eit underskot på drifta på kr 31 756,14. Største kostnader var arbeidet med vatn og avløp ved Peder Rogne som kom på kr 49 676 og containerleige på dugnaden 2. mai 2015 kr 12 149. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2016 var det kr 40 736,90 inneståande på dei to bankkontoane til saman. Sjå rekneskap for 2015/2016.



Ulla Skulehus

Skipsa 11. april 2009

Haramsøy

Bygd i 1886

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: ullanett.com

For styret 5. mai 2016

Knut Hallvard Ulla
styreleiar og kasserar